



---

# Notat

---

**Emne: Byggesak gbnr 45/10 Manger - kai og utfylling i sjø - referat frå førehandskonferanse**

Dato: 06.12.16 kl 09.00-10.00

Stad. Rådhuset Manger

Til stades: Arkoconsult v/Tom Andre Sivertsen og Pål Kjetil Tufta. Radøy kommune v/Hogne Askeland og Tonje Nepstad Epland

Emne: Kai, utfylling i sjø/terrenginngrep under vatn og uttak av masser på land. Eventuelt riving av to bygg.

Søknadstype: Søknad med krav til ansvarsrett. Rammeløyve.

## Kulturminne:

Det er et bygg som er angitt i plan som bygg som skal bestå. Eventuel søknad om riving av dette bygget må på uttale til kulturminne.

## Ureining:

Det må ligge føre løyve til tiltak i sjø frå Fylkesmannen/Miljødirektoratet pga ureina bunnsediment.

Ved eventuell gjennfylling av vatn vil kommunen vurdere om saka må på uttale til anna styresmakt.

## Rekkefølgekrav i plan, føresegna pkt. 1.7:

Rekkefølgekrav i plan vart gjennomgått i møte. Dei fleste rekkefølgekrava er knytt til ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Krav til utarbeiding av massebalanseplan er knytt til igangsettingsløyve, pkt. 1.7.2.

Avbøtande tiltak for å hindre spreiding av forureina sediment i sjø utanfor og ved eksisterande kai føresegnsområde #1 skal gjennomførast før det vert *gjeve løyve til ferdigstilling av kaien*. Kommunen og søkje er samd om at dette er å forstå som før arbeid med kaien vert utført (IG).

## Dokumentasjon i søknaden:

- Situasjonsplan og snitt

- Redegjøring for rekkefølgekrav
- Redegjøring for tiltak i sjø og løyve frå ureiningsttyresmakt
- Massebalanseplan

Klager:

Kommunen orienterte om at det har kome to klager på reguleringsplanen, og at kommunen må ta stilling til om klagen skal gjevast oppsettjande verknad.

---

Saksbehandlar: Teknisk forvaltning/Tonje Nepstad Epland

Vår referanse: 16/278 - 16/15628 / Gbnr - 45/10, FA - L42

Dato: 09.12.2016